



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Saksbehandlar:

Dato:

Dykkar:

Tonje Nepstad Epland

18.03.2014

Vår: 14/160 - 14/2741

tonje.epland@radoy.kommune.no

Utleppssak Gbnr 23/7 Marøy - utsleppsløyve - klage på vedtak - oversending av klage for endeleg avgjerd

Klagar

Advokatfirma Torkildsen & Co har fremma klage på vegne av Vidar Marøy, eigar av gnr 23 bnr 17 i Radøy kommune.

Vedtak som klaga rettar seg mot

Klagen rettar seg mot vedtak av 09.12.13 om avvisning av klage over vedtak om utsleppsløyve for eigedomen gnr 23 br 7 (sak 11/1014).

Klagefrist

Fristavbrytande klage er motteke 20.12.13. Klage er motteke 20.01.14.

Klage over avvisningsvedtaket er motteke rettidig.

Rettsleg grunnlag

Rettsleg grunnlag for avvisning av klagen er forvaltningslova § 29, jf. § 34 og § 31.

Saka si bakgrunn

Eigar av gnr 23 bnr 7 har den 23.10.11 søkt om utsleppsløyve for våningshus nytta som fritidsbustad. Det er i sak 08/13 den 11.01.13 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova. Løyve gjeld utslepp via minireinseanlegg i reinseklasse A i tett leidning til heilårsresipient. Det er i sak 09/13 den 11.01.13 gjeve byggeløyve etter plan- og bygningslova.

Vidar Marøy er ikkje nabo til eigedomen gnr 23 bnr 7 og vart difor ikkje nabovarsla i saka.

Marøy tok kontakt med kommunen 26.08.13 (veke 35) og opplyste at han «*Fekk førre veke vite at det er gitt utsleppsløyve av gråvann*» (veke 34). Førespurnaden til kommunen den 26.08.13 gjaldt privatrettslege tilhøve. Klage på vedtak om utsleppsløyve vart motteke i kommunen først 05.09.13 (veke 36).

Post

postmottak@radoy.kommune.no

Radøyvegen 1690, 5936
Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00

Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776

Org.nr. 954 748 634

Klage på vedtak om utsleppsløyve er komen inn 8 månader etter at løyve er gitt, og minst 13 dagar etter at klagar vart kjent med at utsleppsløyve var gitt. Vedtak om byggeløyve etter plan- og bygningslova er ikkje påklaga.

Vurdering av omgjering

Radøy kommune har på bakgrunn av klage av 20.01.14 vurdert omgjering etter forvaltningslova § 33. Kommune kan ikkje sjå at det ligg føre nye opplysningar i saka som tilseier at vedtak om avvisning av 09.12.13 skal gjerast om.

Klagar har peika på at andre som ikkje er nabo til eigedomen er varsla. Kommune kan ikkje sjå at dette er riktig. Nabovarsel er sendt eigar av eigedomen gnr 23 bnr 18 og gnr 23 bnr 5, 36. Næraste nabo på vest og austsida av gnr 23 bnr 7. Andre er ikkje varsla.

Klagar har peika på at SOM 2008/286 (sak nr 74), som kommunen har vist til, ikkje har relevans for saka fordi Fylkesmannen i denne saka kunne lastas for ikkje å ha klaga innan fristen. Kommune vil gjere merksam på at Fylkesmannen ikkje hadde fått underretting om vedtaket og difor i utgangspunktet ikkje kunne lastast for ikkje å ha klaga innan fristen. Saka vart handsama etter fvl. § 31 b fordi det gjekk ytterlegare 15 dagar frå Fylkesmannen fekk vite om vedtaket til han klaga:

«Fylkesmannen i Sogn og Fjordane synast å ha lagt til grunn at fvl § 31 første ledd bokstav a ikke kommer til anvendelse i nærværende sak. Selv om Fylkesmannen i Hordaland ikke kan lastes for å ha overskredet selve tre måneders fristen, er det likevel lagt til grunn at fylkesmannen burde ha klaget straks han fikk vite om dispensasjonen. I dette tilfelle er det opplyst at det gikk nærmere fem måneder før fylkesmannen fikk vite at Komite for miljø og byutvikling hadde innvilget dispensasjonen, men at klage likevel først ble fremsatt etter ytterligere en halv måned.»

Sivilombudsmannen skriver vidare at «Det er under enhver omstendighet grunn til å utvise forsiktighet med å akseptere oppreisninger ved positive vedtak der tidsforløpet er av en slik lengde som her. Dette må gjelde desto mer når det er gitt byggetillatelse i etterkant av det vedtaket som er gjenstand for klagebehandling.»

Det er kommune sin vurdering at avgjerda i SOM 2008/286 er relevant for saka.

Kommunen har vurdert saka etter fvl. § 31 b, men legg til grunn at avvisningssaka ikkje hadde fått eit anna utfall om saka hadde vore vurdert etter fvl. § 31 a. Også etter fvl. § 31 a skal kommunen vege klagar sine interesser i å få saka prøvd, opp i mot eventuelle ulemper for den som har fått eit positivt vedtak. Den vurderinga som er gjort knytta til vilkåret om særlege grunnar er i denne saken samanfallande med avveing etter fvl § 31 a. Den lange tida som gjekk frå vedtaksdato til klagetidspunkt taler mot å gje oppreisning både etter fvl. § 31 a og § 31 b.

I SOM 2008/286 uttaler Sivilombudsmannen at «Under enhver omstendighet må det, ihht fvl. § 31 andre ledd, ved vurderingen av om oppreisning skal gis, foretas en avveining».

Sivilombudsmannen viser vidare til SOM 2001/69:

«Det vises i denne forbindelse på ny til sak inntatt i årsmeldingen for 2001 s 69, hvor det, under henvisning til at det ved oppreisningsvurderingen skal tas tilbørlig hensyn til den eller de endringene av vedtaket kan være til skade eller ulempe for, legges til grunn at «det må kreves meir med hensyn til de grunner som taler for oppreisning i de tilfeller der det for eksempel går svært lang tid fra et positivt vedtak er truffet til det gis tilbagemelding om at vedtaket er påklaget. I ovennevnte sak gikk det omtrent tre og en halv måned».

Klagar har etter kommunen sin vurdering ikkje tilstrekkeleg interesse i å få saka prøvd til at det kan tilleggas større vekt enn tiltakshavar sin berettiga forventning om å kunne handle i samsvar med eit positivt vedtak, både etter forureiningslova og etter plan- og bygningslova.

Vedtaket er gitt på bakgrunn av lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg og resipientundersøking som tillet utslepp frå minireinseanlegg med reinsegrad A i det aktuelle område. Resipienttilhøva på staden er etter det kommunen er kjent ikkje endra sidan resipientundersøkinga vart gjennomført. Kommunen er ikkje kjent med dei anførslar som er fremma om at ein representant frå kommunen skal ha synfart og funnet resipienten uegna. Det vil være urimeleg og i strid med regelverket om kommunen gjev avslag på søknad om utsleppsløyve som er i samsvar med lokal forskrift og gjeldande resipientundersøking. Det vil då heller ikkje vere rimeleg i høve tiltakshavar at klagesak vert realitetshandsama 8 månader etter at løyve er gjeve, basert på augevitneskildringar om forureining.

Utsleppet frå minireinseanlegget er forøvrig minimalt når det gjeld volum, spesielt med tanke på at det er tale om eit bygg som vert nytta som fritidsbustad. Utsleppet sitt bidrag i eventuelle overvassproblem i området er såleis minimale. I tillegg kjem at anlegget har høg reinsegrad, og liten forureinande evne.

Forureiningslova har føresegner for oppfølging av forureiningssaker, og eventuelle overvassproblem i området må følgjast opp i samsvar med dette regelverket. Handsaming av klagesaka er såleis ikkje avgjerande korkje for klagar sin rettsstilling eller for å ivareta eventuelle forureiningstilhøve på staden.

Kommunen kan ikkje sjå at det heftar sakshandsamingsfeil, eller feil i fakta eller rettsanvendning korkje ved vedtak om utsleppsløyve eller ved vedtak om avvisning.

Mynde

Klaga er av prosessuell karakter og er handsama etter delegert mynde.

Klage på vedtak om avvisning vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Kommunen legg til grunn at Fylkesmannen vil prøve alle sider av saka. Her under spørsmålet om rettsleg klageinteresse.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Utsleppssak Gbnr 23/7 Marøy - Søknad om utsleppsløyve - klage på vedtak - stadfesting av mottak

Utleppssak Gbnr 23/7 Marøy - utsleppsløyve - klage på vedtak

Vedlegg:

Kart

Kart

Bilde

Bilde

Gnr 23 bnr 7 Marøy - Utsleppsløyve - Avvisning av klage - Klage på avvisning - Stadfesting av mottak

Gnr 237 Marøy - Utsleppsløyve - avvisning av klage - fristavbrytande klage på vedtak om avvisning

Gnr 237 Marøy - Klage på utsleppsløyve

document2013-09-05-140158.pdf (185297)

document2013-09-05-192704.pdf (185298)

document2013-09-05-193000.pdf (185299)

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve - svar på e-post (184759)

Gnr 237 Marøy - Vedrørende søknad om utsleppsløyve (185302)

Gnr 237 Marøy - søknad om ansvarsett - godkjenning

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve - ansvarsrettar - godkjenning

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve - godkjenning (164602)

Skann083.PDF (163600)

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve-Opplysningar

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve

Gnr 237 Marøy - søknad om utsleppsløyve - klage - avvisning av klage

Kopi til:

Advokatfirmaet Torkildsen & Co

Bergen AS

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland